



Sæbøtunet Sameie v/Mikael Weisz Breistein
Sæbøvegen 268
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2030 - 18/11928

Saksbehandlar:
Sveinung Kvamme
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:
16.08.2018

Avslag på søknad om garanti for lån

Vi viser til brev av 15.08.2018 med søknad om kommunal garanti for lån til asfaltering av fellesareal.

Etter forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar, kan kommunen gje garanti for «virksomhet» som vert driven av andre enn kommunen sjølv. Tidlegare har kommunale garantiar vorte gitt til lag og organisasjonar som høyrer heime i kommunen.

I sak 010/2017 handsama Radøy kommunestyre søknad om kommunal garanti frå eit småbåtlag, og gav der samrøystes avslag på søknaden. Kommunestyret la vekt på at tiltaket hadde privat karakter, sjølv om småbåtlaget var registrert som ideell organisasjon. Rådmannen ser dette som ei prinsipiell avklåring i høve til kommunale garantiar. I og med at kommunestyret har gitt rådmannen fullmakt til å ta avgjerd i alle saker som ikkje er av prinsipiell karakter, vert søknaden handsama administrativt.

Etter rådmannen si vurdering er Sæbøtunet Sameie eit reint privat tiltak og vil såleis ikkje kunna få kommunal garanti for lån. Søknaden vert difor ikkje imøtekomen.

Dersom sameiget ønskjer å klaga på avslaget, må skriftleg klage vera innsendt innan 6 veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Sveinung Kvamme
økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sæbøtunet Sameie v/Mikael Weisz Sæbøvegen 268
Breistein

5938

SÆBØVÅGEN